



Kristian Landa (18) presenterar det mykje omtala treet/busken

**Diskusjonen om den praktfulle busken utanfor Rosehuset på Ytre Eik går vidare og no har vi fått ein fyldig orientering av 90 år gamle Harry Landa i Hafslundsøy som har nær tilknytning til staden og huset. Han kan ikkje seie noko meir sikkert enn at busken vart kalla Peppertreet.**

Harry kjem inn på ein opplysning om at svogeren hans, Svein, som sjømann hadde med seg denne busken og japanske kirsebærtre. Men dette er eit totalt blindskot, held Landa fram. Svein hadde ikkje planter med seg heim.

Harry skriv at busken kan ha skap som ein hageasalia, men ein leiar av ein planteskule der han bur trur lite på det. Harry trur det heller ikkje.

Han trur at både denne busken og to japanske kirsebærtre vart kjøpt på ein planteskule/gartneri i Tittelsnes/Valevåg-området på Sveio. Systema til Harry, Laura, vart lei på at kirsebærtrea vart så store og hadde forstått at dei skulle bli mykje lågare. Men dei var eit syn då dei stod i full blomst.

Dei vart begge hogde ned - dei tok utsikten mot vest, sjøen og utsikten mot verftet.

Men busken som no er diskusjonstema var altså ikkje så storvokst - og vart ståande.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen